



No er T-ane friska opp både her og der. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I sommar er det gjort ein stor innsats med merking (oppfrisking) av stiane i Uskedalsfjella til glede både for fastbuande og turistar..



- Dette kartet skal bli enda betre neste år, lovar Steinar Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

– Dette har vore eit omfattande og tidkrevjande arbeid, men no er statusen i ferd med å bli bra, seier turgruppeleiar Steinar Haugland til uskedalen.no.

Dette er stikkordmessig det som er gjort av oppfrisking (oppattmåling av raude T-ar og oppattmuring av vardar som har ramla ned, dei som har gjort jobben i parentes) :

- Frå Halsane til Mannsvatnet (Kristian Bringedal)
- Over Solfjell og ned til Fjelly (ungdomslagshytta) (Solveig og Steinar Haugland). Også oppfrisking av stien langs Mannsvatnet.
- Frå Hauglandsfjellet til Tverrfjell (Solveig og Steinar Haugland).
- Over Såto til Englafjell (Viljar og Bjørn Olav Tveit).
- Inn Eikedalen til Englafjell (Kristian Bringedal)
- Frå Eik til Manen (Svein Ove Bråtun, vesentleg gjort i fjor).

Når det gjeld stiane i Ulvanåso-området vart det i fjor merka over Låganåso til stidelet der ein sti går til Geitadalstind og ein annan til Høgtind. Stien til Geitadalstind er dårlegast merka og ein voner å få gjort noko der i haust. Merkinga er brukbar mellom Geitadalstind og Høgtind, men ein vil truleg friska opp denne biten samtidig – også det i haust.

På austsida er det ellers planar om merking frå Tverrfjell til Gråfjell, men det vil ikkje skje i år.

Kartet som Hobbyklubben fekk forbetra til sommaren 2007 vart trykt opp i 200 eksemplar til denne sommaren. Det vil no bli ytterlegare forbetra for endeleg trykk foran neste sesong, opplyser Steinar Haugland. Mellom anna vil dei teikna inn ei rute som går under Solfjell (frå Råkjo til Fjelly).

Nokre nye skilt er også sett opp i år og AFA vil laga fleire for oppsetting på Hauglandsfjellet neste år. Det skal også lagast nye fjelltrim-merke.

- Vi arbeider dessutan med betre merking ved startpunkta nede i bygda, fortel Haugland, som også har ynskje om oppsetting av nokre gapahukar eller kvilebuar.

Han har ellers ei von om at interesserte vil "adoptere" ei eller fleire ruter som dei har ansvar for å vedlikehalda i nokre år framover. I det heile etterlyser han ledig dugnadskapasitet.

- Har nokon nokre timar å avse til stimerking har vi måling og ledige ruter, seier han.

Kvinnherad Turlag har sponsa turguppa med måling men gruppa har også nytta 1.500 kroner av egne midlar som er overskot av turkorta.

Av Ola Matti Mathisen



Stien frå Steineheiane mot Solfjell er friska opp. (Foto: Ragnvald Myklebust)